2003	2,4	13,4	58 cm / 1,8 kg (218)	77 cm / 4,3 kg (119)	96 cm / 7,9 kg (7)
Totalt	2,5	13,5	57 cm / 1,7 kg (299)	78 cm / 4,4 kg (191)	92 cm / 6,9 kg (12)

Skjell 2003



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)

[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

# FANGST OG SKJELLPRØVAR I FLEKKEELVA

## Status for laks og sjøaure i Flekkeelva

I perioden 1969 til 2003 var gjennomsnittleg årsfangst 56 laks med snittvekt på 4,8 kg og 54 sjøaurar med snittvekt på 0,7 kg. I 2003 var fangsten 268 laks (snittvekt 4,1 kg), som er ei suveren rekordnotering for elva. Det vart fanga 68 sjøaure (snittvekt 1,0 kg).



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Flekkeelva i perioden 1969-2003. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle)

## Analyse av skjellprøvar 2001-2003

Innslaget av rømd oppdrettslaks i sportsfiskesesongen var lågt alle åra. Det vart ikkje påvist rømd fisk i materialet frå 2001 og 2002, men materialet frå desse to åra var lite. I 2003 var 3 av 138 laks rømd fisk (tabell 1).

TABELL 1. Antal skjellprøvar og andel rømd oppdrettslaks ved sportsfisket i Flekkeelva i 2001-2003.

År	Antal skjell			Rømd oppdrett (%)
	Laks	Aure	Totalt	
2001	16	1	17	0,0
2002	17	1	18	0,0
2003	138	2	140	2,1
Totalt	171	4	175	0,7

Villaksen i Flekkeelva går ut i sjøen når dei er i snitt 2,5 år og 14,8 cm (tabell 2), og veksten første året i sjøen er i snitt 32 cm. Førstre års sjøvekst er ein viktig indikator for overleving, t.d. har resultat frå andre elvar vist at veksten i 1997 var uvanleg dårleg, og dette resulterte i svært låge fangstar av 1-sjøvinterlaks i 1998. Også i 2001 var det dårleg vekst, i Flekkeelva var veksten første år berre 29 cm.

TABELL 2. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og antal, lengd og vekt av dei ulike sjøaldergruppene av vill laks i skjellmaterialet frå Flekkeelva 2001-2003.

År	Smolt		Sjøalder (vintrar)		
	Alder (år)	Lengd (cm)	1 Lengd / vekt (antal)	2 Lengd / vekt (antal)	3 og 4 Lengd / vekt (antal)
2001	2,6	14,6	55 cm / 1,7 kg (5)	80 cm / 5,0 kg (8)	89 cm / 6,7 kg (3)
2002	2,3	13,5	58 cm / 1,9 kg (4)	78 cm / 4,8 kg (11)	-
2003	2,5	15,3	59 cm / 2,0 kg (35)	79 cm / 4,8 kg (86)	93 cm / 8,1 kg (13)
Totalt	2,5	14,8	58 cm / 1,9 kg (44)	79 cm / 4,8 kg (107)	93 cm / 7,8 kg (16)

Skjell 2003



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)

[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

# FANGST OG SKJELLPRØVAR I VETLEFJORDELVA

## Status for laks og sjøaure i Vetlefjordelva

Det ligg føre fangststatistikk for åra 1978-2003. I denne perioden var gjennomsnittleg årsfangst 21 laks med snittvekt på 3,3 kg og 98 sjøaurar med snittvekt på 1,3 kg. Fangstane av laks har variert mellom 4 i 1983 og 89 i 1990, og mellomårsvariasjonen har vore stor (**figur 1**). Laksen var freda i perioden 1991-2002. Fangstane av sjøaure har variert sterkt, frå 5 fisk i 1985, til 268 i 1988, med både gode og svært dårlege år. Sjøauren var freda i 1994-2000, i 2001 vart det opna for eit avgrensa fiske. I 2003 var det fritt fiske av både laks og sjøaure, og det vart fanga 9 laks (snittvekt 2,3 kg) og 90 sjøaure (snittvekt 1,4 kg).



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Vetlefjordelva i perioden 1978-2003. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle). Laksen var freda 1991-2002, sjøauren i åra 1994-2000.

## Analyse av skjellprøvar 2001-2003

To av dei 10 laksane det var teke skjellprøve av i 2003 var rømd oppdrettslaks, ein andel på 20 % (**tabell 1**).

TABELL 1. Antal undersøkte skjellprøvar frå Vetlefjordelva 2001-2003 og andel rømd oppdrettslaks.

\*Ordinært fiske etter laks berre i 2003

År	Antal skjell				Rømd oppdrett (%)
	Laks	Aure	Regnboge	Totalt	
2001	1	61	0	62	0,0
2002	3	48	1	52	0,0
2003	10	88	0	98	20,0
Totalt	14	197	1	212	20,0*

Snittlengdene av dei tre sjøaldergruppene av laks fanga i Vetlefjordelva er om lag som i andre elvar (**tabell 2**). Fleire av laksane ser ut til å ha klekkeribakgrunn, og det er truleg at desse har vorte sett ut i Vikja.

TABELL 2. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og antal, lengd og vekt for dei ulike sjøaldergruppene av vill laks i skjellmaterialet frå Vetlefjordelva 2001-2003.

Smolt		Sjøalder (vintrar)		
Alder (år)	Lengd (cm)	1	2	3
		Lengd / vekt (antal)	Lengd / vekt (antal)	Lengd / vekt (antal)
2,6	14,8	60 cm / 1,8 kg (9)	79 cm / 4,6 kg (3)	-

Sjøaurane i skjellmaterialet hadde vore 2-9 somrar i sjøen, og var 34-86 cm og 0,4-6,7 kg då dei vart fanga. I snitt hadde dei vakse 12-14 cm kvart av dei to første åra i sjøen (**tabell 3**).

TABELL 3. Oppsummering av resultat frå analysane av sjøaureskjell frå Vetlefjordelva 2001-2003.

Antal	Lengd (cm)	Vekt (kg)	Smolt-alder (år)	Smolt-lengd (cm)	Sjøalder (somrar)	Vekst 1. år i sjø (cm)	Vekst 2. år i sjø (cm)	Vekst 3. år i sjø (cm)
197	49	1,5	3,2	14,1	3,3	13,6	11,6	8,5

Skjell 2003



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)

[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

# FANGST OG SKJELLPRØVAR I SOGDALSELVA

## Status for laks og sjøaure i Sogndalselva

I perioden 1969 til 2003 var gjennomsnittlig årsfangst 63 laks med snittvekt på 4,5 kg og 37 sjøaure med snittvekt på 1,8 kg. I 2003 vart det fanga 106 laks (snittvekt: 3,5 kg) og 44 sjøaure (snittvekt: 2,2 kg).



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Sogndalselva i perioden 1969-2003. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).

## Analyse av skjellprøvar 1999-2003

Innslaget av rømd oppdrettslaks ved sportsfisket har variert mellom 0 og 28 %, snitt for perioden er 11,6 % (tabell 1).

TABELL 1. Antal undersøkte skjellprøvar frå Sogndalselva 1999-2003 og andel rømd oppdrettslaks.

År	Antal skjell				Rømd oppdrett (%)
	Laks	Aure	Regnboge	Totalt	
1999	25	1		26	12,0
2000	25	10		35	28,0
2001	23	10	1	34	13,0
2002	5	3		8	0,0
2003	20	10		30	5,0
Totalt	98	34	1	133	11,6

Snittlengdene av dei tre sjøaldergruppene av laks fanga i Sogndalselva er om lag som i andre elvar (tabell 2). Veksten 1. år i sjø er ein viktig indikator for overlevinga. Resultat frå ei rekke vestlandselvar har vist at smoltårgangane frå 1997 og 2001 hadde dårleg vekst og overleving, medan vekst og overleving av smoltårgangen 2000 var uvanleg god. Dei same tendensane viser seg i Sogndalselva.

TABELL 2. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og antal, lengd og vekt for dei ulike sjøaldergruppene av vill laks i skjellmaterialet frå Sogndalselva 1999-2003.

Smolt		Sjøalder (vintrar)		
Alder (år)	Lengd (cm)	1	2	3
		Lengd / vekt (antal)	Lengd / vekt (antal)	Lengd / vekt (antal)
2,5	13,7	59 cm / 1,9 kg (55)	79 cm / 5,1 kg (26)	97 cm / 8,0 kg (3)

Sjøaurane i skjellmaterialet hadde vore 1-6 somrar i sjøen, og var 30-73 cm og 0,3-4,5 kg då dei vart fanga. I snitt hadde dei vakse 12-14 cm kvart av dei tre første åra i sjøen (tabell 3).

TABELL 3. Oppsummering av resultat frå analysane av sjøaureskjell frå Sogndalselva 1999-2003.

Antal	Lengd (cm)	Vekt (kg)	Smolt-alder (år)	Smolt-lengd (cm)	Sjøalder (somrar)	Vekst 1. år i sjø (cm)	Vekst 2. år i sjø (cm)	Vekst 3. år i sjø (cm)
34	51	1,8	2,7	15,8	2,8	13,8	13,1	11,7

Skjell 2003



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75


E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)

[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

# FANGST OG SKJELLPRØVAR I ÅRØYELVA

## Status for laks og sjøaure i Årøyelva

I perioden 1969 til 2003 var gjennomsnittleg årsfangst 66 laks med snittvekt på 6,9 kg og 78 sjøaurar med snittvekt på 1,0 kg. I 2002 var fangsten 116 laks (snittvekt 4,7 kg) og 91 sjøaure (snittvekt 1,5 kg).



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Årøyelva i perioden 1969-2003. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle).

## Analyse av skjellprøvar 1999-2003

Innslaget av rømd oppdrettslaks i sportsfiskesesongen har variert mellom 19 og 35 % (snitt 29,2 %). Ved ekstrasfisket på hausten har innslaget av oppdrettslaks variert, i 2003 var 13 av 14 laks rømd oppdrett (**tabell 1**). 2001 skil seg positivt ut, både i sports- og haustfisket. Det vert sett ut smolt i Årøyelva, og ein del av desse kan vera vanskeleg å skilja frå rømd oppdrettslaks, men dei seinare åra har all utsett fisk vore merka.

TABELL 1. Antal skjellprøvar og andel rømd oppdrettslaks ved sports- og ekstrasfisket i Årøyelva 1999-2003

År	Sportsfiske				Rømd oppdrett (%)	Ekstrasfiske	
	Laks	Aure	Regnboge	Totalt		Antal laks	Rømd oppdrett (%)
1999	62	11	0	73	33,9	79	53,2
2000	48	3	1	52	29,2	-	-
2001	48	16	1	65	18,8	62	17,7
2002	40	0	0	40	35,0	124	50,8
2003	73	10	0	83	26,0	14	92,9
Totalt	271	40	2	313	28,6	279	53,6

Dei ulike sjøaldergrupper av laks i Årøyelva er jamt over litt større enn i andre elvar. Veksten 1. år i sjø er ein viktig indikator for overlevinga. I mange elvar på Vestlandet har smoltårgangane frå 1997 og 2001 hadde dårleg vekst og overleving, medan veksten til 2000-gangen var uvanleg god. Biletet er det same i skjellmaterialet frå Årøyelva.

TABELL 2. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og antal, lengd og vekt av dei ulike sjøaldergruppene av vill laks i skjellmaterialet frå Årøyelva 1999-2003 (både sports- og ekstrasfiske).

År	Smolt		Sjøalder (vintrar)		
	Alder (år)	Lengd (cm)	1 Lengd / vekt (antal)	2 Lengd / vekt (antal)	3 og 4 Lengd / vekt (antal)
1999	2,6	13,7	62 cm / 2,6 kg (62)	80 cm / 6,6 kg (2)	99 cm / 11,1 kg (4)
2000	2,7	14,4	59 cm / 2,2 kg (8)	87 cm / 6,7 kg (23)	106cm / 14,0 kg (1)
2001	3,0	13,3	61 cm / 2,4 kg (8)	85 cm / 6,7 kg (54)	99 cm / 10,0 kg (28)
2002	3,0	14,5	59 cm / 2,0 kg (18)	84 cm / 6,5 kg (20)	103 cm / 11,2 kg (19)
2003	3,0	15,5	62 cm / 2,7 kg (20)	83 cm / 5,9 kg (14)	94 cm / 8,2 kg (16)
Totalt	2,9	14,3	61 cm / 2,4 kg (116)	84 cm / 6,5 kg (113)	100 cm / 10,9 kg (56)

Sjøaurane hadde vore 1-7 somrar i sjøen, og var 29-80 cm og 0,4-5,0 kg då dei vart fanga (**tabell 3**). Veksten i sjø er om lag som for sjøaure frå andre vestlandselvar.

TABELL 3. Oppsummering av resultat frå analysane av sjøaureskjell frå Årøyelva 1999-2003.

Antal	Lengd (cm)	Vekt (kg)	Smolt-alder (år)	Smolt-lengd (cm)	Sjøalder (somrar)	Vekst 1. år i sjø (cm)	Vekst 2. år i sjø (cm)	Vekst 3. år i sjø (cm)
45	45	1,4	2,5	14,4	2,7	13,0	12,3	11,6



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)


[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

Skjell 2003

# FANGST OG SKJELLPRØVAR I JOSTEDØLA

## Status for laks og sjøaure i Jostedøla

I perioden 1969 til 2002 var gjennomsnittleg årsfangst 8 laks med snittvekt på 5,7 kg og 142 sjøaurar med snittvekt på 1,8 kg. I 2003 vart det fanga 265 sjøaure (snittvekt: 1,5 kg). Etter å ha vore freda sidan 1999, vart det opna for fiske etter laks i 2003, men det vart ikkje registrert fangst av laks.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Jostedøla i perioden 1969-2003. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Laksen var freda 1999-2002.

## Analyse av skjellprøvar 2000-2003

Totalt har me motteke skjellprøvar frå 87 sjøaure og 6 laks, 12 av sjøaurane var fanga ved stamfisket i 2001 (**tabell 1**). Av laksane var to rømde oppdrettslaks og 4 villaks. Dei tre laksane som vart fanga i 2003 var alle villaks, men dei har ikkje vorte inkludert i den offisielle fangststatistikken (jfr. **figur 1**).

Sjøaurane hadde i snitt vore 3,5 somrar i sjøen, med variasjon frå 1-9 sjøsomrar. Gjennomsnittleg lengd og vekt var 59 cm og 2,5 kg, med variasjon mellom 31-85 cm og 0,4-7,3 kg (**tabell 1**). Sjøveksten, særleg andre året, er noko betre enn det ein ser i dei fleste andre elvar, der veksten typisk er 10-12 cm. Variasjonen mellom år er liten og tyder på at Jostedøla har ein relativt rasktveksande sjøaurebestand, med særleg god vekst 2. og 3. år i sjø.

TABELL 1. Oppsummering av resultat frå analysane av sjøaureskjell frå Jostedøla 2000-2003.

År	Antal	Lengd (cm)	Vekt (kg)	Smolt-alder (år)	Smolt-lengd (cm)	Sjøalder (somrar)	Vekst 1. år i sjø (cm)	Vekst 2. år i sjø (cm)	Vekst 3. år i sjø (cm)
2000	13	54	1,9	3,0	14,8	2,8	14,0	19,5	14,2
2001	47	61	2,9	2,7	14,3	3,9	13,3	18,0	14,9
2002	14	57	2,3	2,9	15,9	2,9	13,5	17,1	10,3
2003	13	56	2,1	3,2	17,8	3,0	13,6	14,2	14,6
Totalt	87	59	2,5	2,9	15,1	3,5	13,5	17,3	14,4

Skjell 2003



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)


[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)



# FANGST OG SKJELLPRØVAR I AURLANDSELVA

## Status for laks og sjøaure i Aurlandselva

I perioden 1969 til 2003 var gjennomsnittleg årsfangst 106 laks med snittvekt på 5,4 kg og 908 sjøaurar med snittvekt på 1,7 kg. I 2003 vart det fanga 790 sjøaure (snittvekt: 1,7 kg), det nest beste resultatet sidan midt på 1980-talet (figur 1). Villaksen har vore freda sidan 1989.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Aurlandselva i perioden 1969-2003. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Villaksen har vore freda sidan 1989.

## Analyse av skjellprøvar 1999-2003

Villaksen har vore freda i Aurlandselva i heile perioden, og laks som er fanga er feilbestemt til å vera sjøaure eller har vorte skada og måtta avlivast. Av dei 29 skjellprøvene av laks, var 3 rømde oppdrettslaks (**tabell 1**).

TABELL 1. Antal undersøkte skjellprøvar frå Aurlandselva 1999-2003 og andel rømd oppdrettslaks.

\*Villaksen er freda

År	Antal skjell			Rømd oppdrett (%)
	Sjøaure	Laks	Totalt	
1999	173	7	180	14,3*
2000	273	16	289	12,5*
2001	136	3	139	0,0*
2002	81	1	82	0,0*
2003	162	2	164	0,0*
Totalt	825	29	854	5,4*

Sjøaurane som har vorte fanga i Aurlandselva i perioden 1999-2003 hadde vore 1-13 somrar i sjøen og var 25-95 cm og 0,2-10,1 kg. Veksten dei første åra i sjø er om lag som ein ser hjå sjøaure fanga i andre vestlandselvar (**tabell 3**).

TABELL 3. Oppsummering av resultat frå analysane av sjøaureskjell frå Aurlandselva 1999-2003.

Antal	Lengd (cm)	Vekt (kg)	Smolt-alder (år)	Smolt-lengd (cm)	Sjøalder (somrar)	Vekst 1. år i sjø (cm)	Vekst 2. år i sjø (cm)	Vekst 3. år i sjø (cm)
825	53	2,0	3,0	14,2	3,9	11,3	11,4	10,6

Villaksane fanga i Aurlandselva har gått ut i sjøen når dei var i snitt 3,5 og 14,5 cm (**tabell 1**). Storleiksfordelinga i ulike sjøaldergrupper er om lag som i andre elvar. Veksten 1. år i sjø er ein viktig indikator for overlevinga, og resultat frå andre elvar har vist smoltårgangane frå 1997 og 2001 hadde dårleg vekst og overleving, medan veksten i 2000 var uvanleg god. Det er for få skjellprøvar av villaks frå Aurlandselva til å konkludera, men det vart ikkje fanga laks frå korkje 1997- eller 2001-årgangen.

TABELL 2. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og antal, lengd og vekt av dei ulike sjøaldergruppene av laks i skjellmaterialet frå Aurlandselva 1999-2003.

Smolt		Sjøalder (vintrar)		
Alder (år)	Lengd (cm)	1	2	3
		Lengd / vekt (antal)	Lengd / vekt (antal)	Lengd / vekt (antal)
3,5	14,5	62 cm / 2,4 kg (12)	83 cm / 5,4 kg (12)	102 cm / 9,9 kg (2)



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)


[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

Skjell 2003

# FANGST OG SKJELLPRØVAR I FLÅMSELVA

## Status for laks og sjøaure i Flåmselva

I perioden 1969 til 2003 var gjennomsnittleg årsfangst 79 laks med snittvekt på 5,7 kg og 118 sjøaurar med snittvekt på 1,9 kg. Villaksen har vore freda i perioden 1996-2002, men det var opna for fiske etter laks att i 2003 og det vart fanga 11 laks med ei snittvekt på 3,9 kg og 46 sjøaure med snittvekt på 2,1 kg.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Flåmselva i perioden 1969-2003. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Laksen var freda 1996-2002.

## Analyse av skjellprøvar frå 2002-2003

Til saman er det analysert 70 skjellprøvar frå fisk fanga i Flåmselva i 2002 og 2003 (tabell 1). Av dei 13 laksane var ein rømd oppdrettslaks, og 9 av 12 villaksar var smålaks. Det vart sendt inn skjellprøvar frå ein stor laks på heile 115 cm og 12,2 kg som hadde vore fire vintrar i sjøen før retur til elva (tabell 2).

TABELL 1. Antal skjellprøvar og andel rømd oppdrettslaks ved sportsfisket i Flåmselva i 2002 og 2003.

År	Antal skjell			Rømd oppdrett (%)
	Laks	Aure	Totalt	
2002	1	12	13	0,0
2003	12	45	57	8,3
Totalt	13	57	70	4,2

TABELL 2. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og antal, lengd og vekt av dei ulike sjøaldergruppene av vill laks i skjellmaterialet frå Flåmselva i 2002 og 2003.

Smolt		Sjøalder (vintrar)		
Alder (år)	Lengd (cm)	1	2	4
		Lengd / vekt (antal)	Lengd / vekt (antal)	Lengd / vekt (antal)
2,8	13,6	60 cm / 2,0 kg (9)	81 cm / 5,1 kg (2)	115 cm / 12,2 kg (1)

Skjellprøvene av sjøaure frå Flåmselva viser at dei går ut i sjøen når dei i snitt er 3 år gamle og 14,7 cm og at dei veks 14-16 cm kvart av dei tre første åra i sjøen (tabell 3). Sjøveksten, særleg andre året, er noko betre enn det ein ser i dei fleste andre elvar, der veksten typisk er 10-12 cm.

TABELL 3. Oppsummering av resultat frå analysane av sjøaureskjell frå Flåmselva i 2002 og 2003.

Antal	Lengd (cm)	Vekt (kg)	Smolt-alder (år)	Smolt-lengd (cm)	Sjøalder (somrar)	Vekst 1. år i sjø (cm)	Vekst 2. år i sjø (cm)	Vekst 3. år i sjø (cm)
57	54	2,2	3,1	14,2	3,2	14,7	16,1	14,1



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)


[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

Skjell 2003

# FANGST OG SKJELLPRØVAR I NÆRØYELVA

## Status for laks og sjøaure i Nærøyelva

I perioden 1969 til 2003 var gjennomsnittleg årsfangst 125 laks med snittvekt på 5,2 kg og 213 sjøaurar med snittvekt på 1,6 kg. Villaksen var freda 1998-2001, sjøauren var freda 1998-2000. I 2003 vart det fanga 97 laks med ei snittvekt på 2,9 kg og 271 sjøaure med snittvekt på 1,7 kg.



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Nærøyelva i perioden 1969-2003. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle). Laksen var freda 1998-2001, sjøauren var freda 1998-2000..

## Analyse av skjellprøvar frå 2001 og 2003

Til saman er det analysert 327 skjellprøvar frå fisk fanga i Nærøyelva i 2001 og 2003 (**tabell 1**). Ein av dei tre laksane det var teke skjellprøve av i 2001 var ein rømd oppdrettslaks, medan ingen av dei 55 laksane frå fisket i 2003 var oppdrett.

TABELL 1. Antal skjellprøvar og andel rømd oppdrettslaks ved sportsfisket i Nærøyelva i 2001 og 2003.

\*Laksen var freda i 2001.

År	Antal skjell			Rømd oppdrett (%)
	Laks	Aure	Totalt	
2001	3	135	138	33,3*
2003	55	134	189	0,0
Totalt	58	269	327	0,0*

Villaksane fanga i Nærøyelva går ut i sjøen når dei er i snitt 3 år og 13 cm (**tabell 2**). Storleiksfordelinga i ulike sjøaldergrupper er om lag som som i andre elvar. Veksten første året i sjøen er ein viktig indikator for overlevinga, og resultat frå andre elvar har vist at smoltårgangane frå 1997 og 2001 har hatt dårleg vekst og overleving, medan veksten i 2000 var uvanleg god. Det er få skjellprøvar av laks frå Nærøyelva som er frå andre smoltårgangar enn 2002, men tendensen ser ut til å vera den same her som i andre elvar.

TABELL 2. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og antal, lengd og vekt av dei ulike sjøaldergruppene av vill laks i skjellmaterialet frå Nærøyelva i 2001 og 2003.

Smolt		Sjøalder (vintrar)		
Alder (år)	Lengd (cm)	1	2	3 og 4
		Lengd / vekt (antal)	Lengd / vekt (antal)	Lengd / vekt (antal)
3,1	13,3	60 cm / 2,2 kg (48)	-	100 cm / 9,2 kg (6)

Skjellprøvane av sjøaure frå Nærøyelva viser at dei går ut i sjøen nå dei i snitt er 2,6 år gamle og 13,3 cm og at dei veks 14-16 cm kvart av dei to første åra i sjøen (**tabell 3**). Veksten 2. år i sjø er betre enn det ein ser i mange andre elvar. Gjennomsnittleg sjøalder er 3,3 år, med variasjon mellom 2 og 8 år.

TABELL 3. Oppsummering av resultat frå analysane av sjøaureskjell frå Nærøyelva i 2001 og 2003.

Antal	Lengd (cm)	Vekt (kg)	Smoltalder (år)	Smoltlengd (cm)	Sjøalder (somrar)	Vekst 1. år i sjø (cm)	Vekst 2. år i sjø (cm)	Vekst 3. år i sjø (cm)
269	51	1,6	2,6	13,3	3,3	14,7	16,4	9,5



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)


[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

Skjell 2003

# FANGST OG SKJELLPRØVAR I VIKJA

## Status for laks og sjøaure i Vikja

I perioden 1969 til 2003 var gjennomsnittleg årsfangst 167 laks med snittvekt på 3,7 kg og 32 sjøaurar med snittvekt på 1,8 kg. I 2003 var fangsten 302 laks (snittvekt 3,0 kg) og 28 sjøaure (snittvekt 2,3 kg).



FIGUR 1. Fangst i antal (søyler) og snittvekt i kg (linje) av laks og sjøaure i Vikja i perioden 1969-2003. Frå 1979 er laksefangstane skild som tert (<3 kg, kvit søyle) og laks (>3 kg, grå søyle), frå 1993 er det skild mellom smålaks (<3 kg, kvit søyle), mellomlaks (3-7 kg, grå søyle) og storlaks (>7 kg, svart søyle)

## Analyse av skjellprøvar 1999-2003

Innslaget av rømd oppdrettslaks i sportsfiskesesongen har lege stabilt kring 30 % (tabell 1). Det vert sett ut smolt i Vikja, og desse kan vera vanskeleg å skilja frå rømd oppdrettslaks, men dei seinare åra har all utsett fisk vore merka.

TABELL 1. Antal skjellprøvar og andel rømd oppdrettslaks ved sportsfiske i Vikja 1999-2003

År	Antal skjell				Rømd oppdrett (%)
	Laks	Sjøaure	Regnboge	Totalt	
1999	196	17	3	216	28,1
2000	316	30	3	349	31,6
2001	209	21	0	230	29,2
2002	0	0	0	0	-
2003	208	30	0	238	31,3
Totalt	929	98	6	1033	30,0

Storleiksfordeling av ulike sjøaldergrupper av laks i Vikja er om lag som i andre elvar. Veksten 1. år i sjø er ein viktig indikator for overlevinga. I mange elvar på Vestlandet har smoltårgangane frå 1997 og 2001 hadde dårleg vekst og overleving, medan veksten til 2000-gangen var uvanleg god. Biletet er stort sett det same i skjellmaterialet frå Vikja.

TABELL 2. Gjennomsnittleg smoltalder og -lengd, og antal, lengd og vekt av dei ulike sjøaldergruppene av vill laks i skjellmaterialet frå Vikja 1999-2003 (både sports- og ekstrasfiske).

År	Smolt		Sjøalder (vintrar)		
	Alder (år)	Lengd (cm)	1 Lengd / vekt (antal)	2 Lengd / vekt (antal)	3 Lengd / vekt (antal)
1999	3,1	14,4	58 cm / 1,8 kg (126)	80 cm / 4,7 kg (10)	84 cm / 5,2 kg (3)
2000	2,8	14,5	62 cm / 2,3 kg (182)	80 cm / 4,7 kg (30)	90 cm / 6,1 kg (1)
2001	2,8	15,2	60 cm / 2,0 kg (65)	79 cm / 5,0 kg (61)	87 cm / 7,2 kg (8)
2002	-	-	-	-	-
2003	2,9	15,3	59 cm / 2,0 kg (110)	78 cm / 5,0 kg (28)	94 cm / 9,1 kg (2)
Totalt	2,9	14,7	60 cm / 2,0 kg (483)	79 cm / 4,8 kg (129)	89 cm / 6,9 kg (48)

Sjøaurane hadde vore 1-8 somrar i sjøen, og var 35-85 cm og 0,6-5,7 kg då dei vart fanga (tabell 3). Veksten i sjø er om lag som for sjøaure frå dei fleste andre vestlandselvar.

TABELL 3. Oppsummering av resultat frå analysane av sjøaureskjell frå Vikja 1999-2003.

Antal	Lengd (cm)	Vekt (kg)	Smolt-alder (år)	Smolt-lengd (cm)	Sjøalder (somrar)	Vekst 1. år i sjø (cm)	Vekst 2. år i sjø (cm)	Vekst 3. år i sjø (cm)
98	51	1,7	2,7	16,5	3,2	14,4	11,9	9,6

**NB! Hugs å notera på skjelkonvolutten om fisken er merka (klypt feittfinne), dette er svært viktig for å kunna skilja utsett laks frå rømd oppdrettslaks!**



**Rådgivende Biologer AS**

Bredsgården, Bryggen, 5003 Bergen

Tlf: 55 31 02 78 / fax: 55 31 62 75

E-post: [post@radgivende-biologer.no](mailto:post@radgivende-biologer.no)

[www.radgivende-biologer.no](http://www.radgivende-biologer.no)

Skjell 2003